

ÅRSPLAN 24/25

Stokke Maritime FUS barnehage



INNHOLD

1. Om årsplanen og måla FUS har for barnehagane

Visjon
Verdiar
Hovudmål

2. Om barnehagen

3. Vårt verdigrunnlag

Barn og barndom
Demokrati
Mangfold og gjensidig respekt
Likestilling og likeverd
Berekraftig utvikling
Livsmeistring og helse



4. Barnehagen sitt føremål og innhold

Sosioemosjonell støtte og veiledning
Organisering og leiing
Læringsstøtte



5. Barn sin medverknad

6. Samarbeid

Foreldresamarbeid
Samarbeid med andre instansar

7. Overgangar

Tilvenning i barnehagen
Overgangar innad i barnehagen
Overgang frå barnehage til skule

8. Barnehagen som pedagogisk verksemد

Lærande organisasjon
Planlegging
Vurdering
Dokumentasjon
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte.

9. Barnehagen sine fagområde



BARNET
FØRST!



1. OM ÅRSPLANEN OG FUS SINE MÅL FOR BARNEHAGANE

Årsplanen viser korleis barnehagen jobbar for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.37). Årsplanen beskriv korleis vi jobbar for å nå FUS sine felles målsettingar for barnehagane.


Visjon:

Saman gjev me barndommen verdi: venskap, leik, glede og kvardagsmagi

Visjonen er leiestjerna vår og den stakar ut ei retning for kva vi ønskjer at FUS barnehagane skal oppnå – no og i framtida. Visjonen er det vi strekkjer oss etter kvar dag i møte med barn, foreldre og kollegaer.

Våre metodar for å jobbe mot visjonen:

- Vi er undervegs, vi vil aldri kunne seie oss ferdig. Vi skal alltid jobbe for å utvikle oss, lære noko nytt og vere nyfikne på det som kjem i møtet med barna.



- Trygg tilknytning (COS – Circle of security).
- Barnehagen skal i samarbeid med føresette legge til rette for at barn skal få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å verte kjende, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Barn treng sensitive og varme vaksne rundt seg, og tryggleik er ei forutsetning for at barna skal utforske, leike og lære.
- I ein god barndom er dagar fylt med tryggleik, venskap, leik og glede. For oss er det viktig at barn får leike og ha vene, noko som kan vere med å bidra til både trivsel og utvikling. Personalet skal sikre at kvart enkelt barn skal ha eit positivt tilbakeblikk frå si tid i barnehagen. Dette er i si heilheit kvardagsmagi.

Verdiar: Glødande, skapande og tilstadeverand

Verdiane er kulturberarane i vår barnehage. Verdiane fortel kva vi står for, kva vi trur på og kva som er viktig for oss. Dei er ei kjelde til motivasjon og inspirasjon i det daglege arbeidet i barnehagen på vegen for å verkeleggjere visjonen. Vi sett barnet først!

Våre metodar for å jobbe i tråd med verdiane:

- Dei vaksne i barnehagen skal vere glødande, skapande og til stades. Vi ønskjer engasjerte vaksne som kan gripe stunda og medverke til at borna blir nyfikne og har eit ekte ynskje om å lære og utforske. Det er viktig at alle barna vert med. Det er dei vaksne som må få med dei stille borna. Vi skal vere engasjerte i barnas interesser, vi må sjå mogelegheitene ikkje avgrensingane.
- Vi tilpassar til alder der vi beskriv handlingane, forklarar konsekvensane, støttar og rettleiar barn i ulike situasjoner gjennom dagen.
- Personalet i barnehagen skal vise glødande engasjement for, til og med barna. Vise interesse for initiativ og spele på lag med barnas ønskjer. Barna skal få vere med å medverke i sin eigen kvardag. Saman med engasjerte vaksne skal vi skape glede og fine opplevelingar i barnehagen. Vi skal vere ein glødelampe som sett lys på barna og lyfter det dei gjer.
- Personalet i barnehagen skal vere skapande, der det gis rom og tid for barns idear og leik. Dei vaksne skal vidareutvikle barnas interesse og idear. Dei skal sette i gang og leggje til rette for aktivitetar og leik som barn opplev som spanande, morosamt og utforskande.
- Personalet i barnehagen skal være tilstadeverande. Dei

vaksne skal sjå kvart enkelt barn, vere merksame, omorgsfulle, til stade og delta aktivt i samspel og leik med barna.

Hovudmål:

- FUS barn har eit positivt sjølvbilete.
- FUS barn er trygge og forskande, trivast i leik og har vennekompesanse.
- FUS barn gler seg til "resten av livet", og veit at dei har moglegheit til påverknad og at innspela deira tel.
- FUS barn har det gøy i barnehagen.

Våre metodar for å jobbe mot måla:

- Barnet først
- Dei tilsette deltek i kompetanseutvikling gjennom FUS skulen.
- Dei tilsette deltek i rettleiing.
- Dei tilsette fylgjer retningslinjene til Smartmat.
- CLASS og TIK (Tuning in to kids). Dette står som eige kapittel i årsplanen.
- I denne årsplanen er kapitla bygd opp slik: Først ei framstilling av kva rammeplanen seier, så ei utgreiing av korleis vi vil gjennomføre dette i praksis.

I Fus barnehagane har vi eit felles slagord, «Barnet først». Det inneber at alt vi gjer skal vere til barnets beste. «Barnet først» er også namnet på kompetanseutviklinga vår, der målet er eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet i alle barnehagane våre. Barnehageåra er ei viktig periode for barns kjenslemessige utvikling, både sosialt, kjenslemessig, kognitivt, språkleg og motorisk. Barnehagen har ei avgjerande rolle i tilrettelegginga for eit omsorgs- og læringsmiljø av høgkvalitet.

I denne årsplanen er kapitla bygd opp slik: Fyrst ei beskriving av kva rammeplanen seier, så ei beskriving av korleis me vil gjennomføre dette i praksis.




2. OM BARNEHAGEN

Stokke Maritime FUS barnehage starta opp januar 2020, og held til på Ellingsøy i Ålesund kommune. I samarbeid med føresette og barna blei det bestemt at avdelingane skulle heite Kråkebollen, Flyndrefanten, Sjøhesten, Krepsen, Blekkspruten og Sjarken. Stokke Maritime FUS barnehage har eit maritimt fokus.

Det maritime og nærmiljøet.

Barnehagen har nærliek til sjøen og nærområdet rundt er viktig for oss. Barnehagen har ein progresjonsplan som vi kallar Språkbåten, opne link: [Språkbåten](#)

- Som maritim barnehage er vi opptatt av miljøet, og bidreg til ei berekraftig utvikling på ulike måtar. Mellom anna har vi solcellepanel på taket som gjer at oss lagar straum. Det igjen gjer at vi har ladestasjonar for elbil. Barna fer sjå korleis maten lagar seg om til jord. Jorda brukast til å dyrke urter, krydder og grønsaker i pallekarmar. Vi dyrkar diverse grønsaker som agurk, tomat, sukkererter, gulrot, jordbær og potet. Vi ønskjer å bli kjend med det som ligg rundt oss som barna gjerne møter kvar dag. Vi ønskjer å vere nyfikne på det som er i nærliken av oss. Det maritime er knytt opp til namnet vårt. Vi har kort veg til fjøre og sjø, noko vi nytter oss av. Staden vi ligg på har lang tradisjon med fiske og fiskemottak. Det vil vere naturleg å bli kjend med historia til staden og formidle kulturen knytt til nærområda.
- Borna skal bli kjent med nærmiljøet. Vi er heldige som har både skog og fjøre i nærliken. Vi ønskjer at barna skal bli trygge på å ferdast begge stadar. Vidare ønskjer vi å bli kjent med fiskebedrifter i nærliken her. Barna skal lære å ta vare på naturen, kva for konsekvensar har forsøpling. Dette kan vi gjere ved å plukke med oss søppel når vi er på tur. Vi har eit samarbeid med Tine, tur med retur. Det vil seie at vi ryddar søppel når vi er på tur. Det er ein sjølvfylgle at vi ikkje legg att restar når vi er ute. Vi kan og ta barna med på kjeldesortering.



Gjennom dagleg å legge søppel i deira respektive dunkar gjer vi barna merksame på kva vi kan bidra med. Vi ønskjer at barna skal lære seg å ha respekt for naturen.

- Sjørøvarfest. Før sumaren har vi årleg sjørøvarfest i barnehagen. Då kan dei som vil kome utkledd som sjørøvarar og piratar. Vi lagar mat med maritimt fokus, har sjørøvar-leikar og rollespel om sjørøvarar som kaptein Elling og Pål pirat. Rollespelet endrar seg kvart år, men har ein raud tråd til tidlegare rollespel.
- I januar har barnehagen utkledningdfest. For ikkje å legge økonomisk press på foreldra, og med omsyn til berekraftig utvikling, brukar oss utkledningskle vi har i barnehagen. Mange av barna gler seg til karneval og å kle seg ut, medan andre barn vil ikkje kle seg ut og det er heilt greitt. Barn er ulike, og det er fint.
Det er viktig at utkledninga blir gjort i samarbeid med barna og at dei får ei god oppleving denne dagen. Og er der noken som vil gje avgelte utkledningskle til barnehagen, er det berre å ta kontakt.

Stokke Maritime FUS barnehage har forplikta seg til å innfri løfta til FUS. Vi er opptekne av at vi skal ha ein open dialog med dei føresette. Vi har ei eiga serviceerklæring som alle tilsette fylgjer. Når barnet og forelderen kjem inn på avdelinga blir dei møtt av ein tilsett og tatt imot på ein hyggeleg måte. I løpet av barnehagedagen får barnet sovn og kvile tilpassa barnets behov og i nært samarbeid med foreldre. Måltida er prega av glede, samspel og god tid til å ete. Barnet leiker og lærer i eit miljø prega av varme og glede, og blir tilbydd varierte moglegheiter for leik både ute og inne. Barnet møter tilsette som er genuint opptatt av kvart enkelt barn, og som veit at barnet kjem først.



Stokke FUS barnehage AS

Adresse: Røysetmarka 11
6057 Ellingsøy
Telefonnummer: 95 03 30 50
E-post: dl.stokke@bhg.no

Kontaktinfo til de ulike avdelingene: **Kråkebollen**

Tlf: 95736045
kraakebollen.stokke@bhg.no

Blekkspruten

Tlf: 95736046
blekkspruten.stokke@bhg.no

Flyndrefanten

Tlf: 95736048
flyndrefanten.stokke@bhg.no

Sjøhesten


Tlf: 95736047
sjohesten.stokke@bhg.no

Krepse

Tlf: 90479985
krepse.stokke@bhg.no

Sjarken

Tlf: 95736049
sjarken.stokke@bhg.no
fus.no/stokke



3. VÅRT VERDIGRUNNLAG

«Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7)

Barn og barndom

«Barna skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgivnadane, men barn påverkar òg sitt eige liv»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Vårt syn på barn og barndom:

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere eit utfordrande og trygt sted for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Demokrati

«Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrd og delta. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av»
(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Våre metodar for å fremje demokrati:

- Gjennom å lytte til barna og respektere deira ønskjer kan dei få vere med å bestemme kva som skal skje. Ved å gripe augeblikka og vere villig til å sette til sides vaksne sine planar kan barna lære om medverknad og demokrati.
- Ved å ha avstemming om kvar ein skal gå på tur, kva skal nista vere t.d. kan dei større barna lære om demokrati og fleirtalsavgjersler. Det er viktig å ha respekt for fleirtalet og dei avgjerslene som blir fatta..



Mangfold og gjensidig respekt


«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfold og gjensidig respekt. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verd i fellesskapet. Barnehagen skal legge til rette for kulturmøte, gi rom for barna si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9).

Våre metodar for å fremje mangfold og gjensidig respekt:

- I Stokke Maritime FUS barnehage skal vi jobbe for at alle opplever å bli respektert. Gjennom å vise barna respekt og handle på ein respektfull måte kan ein få respekt tilbake. Vi skal gje barna ei forståing for at vi er ulike og at vi har ulike kvalitetar. Det kan vere mange måtar å sjå ting på og vi kan ha ulike oppfatningar av korleis ting skal vere. Vi må ha respekt for den ulikskapen og lære oss å setje pris på det og sjå nytta av at vi er ulike.
- Vi brukar ikkje omgrepene "bestevener", da det kan opplevast som lite inkluderande. I barnehagen vår ønskjer vi heller å rette fokuset mot det å vere ein god ven, og behandle alle med respekt. I FUS arbeider vi for å skape eit inkluderande fellesskap.





Likestilling og likeverd

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje likestilling og likeverd:

- Alle er like mykje verd. Alle skal telje med like mykje og få like mogelegheiter til å utvikle seg på best mogeleg vis. Dette gjeld både for gutter og jenter, uavhengig av føresetnad og bakgrunn. Vi jobbar for at alle skal verte inkluderte og hørde. Det er dei vaksne sitt ansvar at alle barn slepp til med sine ønskjer og behov
- Vi har nulltoleranse for mobbing og diskriminering, og er opptatt av å skape eit godt barnehagemiljø som fremmer helse, trivsel og læring.



Berekraftig utvikling

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje berekraftig utvikling:

- Vi er opptekne av naturen rundt oss og at vi skal nytte den på ein måte som ikkje sett spor. Vi tek med oss søpla vår tilbake til barnehagen vår når vi er på tur og sorterer det vi kan.
- Det er også viktig å vere forsiktig med tinga våre slik at vi ikkje øydelegg noko. Det skal vere kvalitet på det som er i barnehagen og vi skal unngå ein bruk og kast mentalitet. Difor nyttar vi og eingongsservise berre ved store arrangement.
- Vi har Bokashi som er ei metode for å gjere matavfall om til jord





- Barnehagen har solceller på taket og lagar til dels eigen strøm
- Snøfresar og grasklippar gjeng på straum i og med at vi har solceller
- Vi dyrkar mat og urter i kjøkenhage med jorda som lages i bokashprosessen

Livsmeistring og helse

«Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørsleleda og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11).

Våre metodar for å fremje livsmeistring og helse:

- Vi har fokus på meistring og at vi er god nok som vi er. I barnehagen skal ikkje kvardagen vere prega av eit press om å vere perfekt.
- Den fysiske- og psykiske helsa vår heng saman. Vi i FUS er opptekne av heile mennesket. Difor har vi fokus på fysisk aktivitet, mykje uteliv (uansett ver), og trivsel i kvardagen. Vi er opptekne av 24 timars mennesket, her er samarbeidet med heimane er viktig. I det legg vi at det er viktig at der er ein gjensidig dialog om barnet mellom heimen og barnehagen. Har barnet til dømes söve därleg om natta er det viktig informasjon barnehagen tar i bruk om barnet og kva barnet har behov for den dagen.

Opne link til handlingsplan for trygt og godt barnehagemiljø: [Handlingsplan psykososialt barnehagemiljø](#)



4. BARNEHAGEN SITT FØREMÅL OG INNHOLD



«Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskarkartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik og læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. »

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19)

Barnet først er eit heilheitleg system for å styrke dei tilsette sin kunnskap og handlingskompetanse. Det inneheld tre ulike hovudområde som saman bidreg til å styrke barns allsidige utvikling; sosioemosjonell støtte og veiledning, organisering og leiing samt læringsstøtte.

Sosioemosjonell støtte og rettleiing:

Positivt klima og negativt klima: smil, latter, entusiasme, positiv kommunikasjon, respekt for kvarandre og fråvær av straff, hån, kjeft, sarkasme og erting.

Sensitive vaksne – trygge barn: hjelper barna med konflikthandtering, er merksam, bidreg til tryggleik. Barns perspektiv og medverknad: viser fleksibilitet, tek vare på barnas perspektiv, let barn uttrykkje seg.

Emosjonskompetanse: identifiserer og forstår eigne kjensler, brukar kjensler til å navigere i sosiale

interaksjonar, brukar emosjonelt medvit til å rettleie i problemløysing, handterer frustrasjon og er i stand til å vente på det ein vil ha, hindrar at stress og uro overvelder evna til å tenkje klart og har kontroll over korleis og kva tid ein uttrykkjer kjensler.

Emosjons-rettleiing: er medviten barnets kjensler, er til stades, opprettar kontakt med barnet, viser forståing og aksept for barns kjensler (bruk kroppsspråk, pust, tone og ord). «Går inn i kjensla»/ namngjev kjensla. Dersom naudsynt, hjelper og støttar barnet i problemløysinga (trøyst, peik ut ei retning, assister, set grenser).



Organisering og leiing:

Gruppeleiing og rettleiing: er proaktiv og forebygger, gjev trygge og føreseielege rammer.

Legge til rette for leik, læring og overganger: klare rutinar, sikrar flytande overgangar, barna kjenner til reglar, lite venting.

Variasjon: varierte materialar i barns høgde, barnefokus, effektiv tilrettelegging.

Læringsstøtte:

Omgrepsutvikling, forståing og djupnelærer:

integrerer ny kunnskap til etablert kunnskap, bidreg til auka kunnskap knytt til kvarlagsopplevingar, skaper samanhengar i barnas liv, utfordrar til barns tenking og problemløysing.

Tilbakemeldingar: brukar hint og gjev verbal eller fysisk støtte til barnas læring og meistring,

forklarar omgrep og hendingar, utvidar, gjev gode og konkrete tilbakemeldingar, anerkjenner innsats og gjennomføring.

Språk: hyppige samtalar, fram- og tilbakevekslingar, stiller opne spørsmål, repeterer barnas utsegn, sjølvsnakk, parallellsnakk, variert språk, forklarar ord og knyter ord til hendingar/erfaringar her og no.

Eigenleiing i leik og læring: støtter barn i deira utvikling av eigenleiingsfunksjonane; planlegging, organisering, arbeidsminne, fleksibilitet, sjølvregulering, sjølvmonitorering, igangsetting, samt legger til rette for eit variert og rikt leikmiljø og deltek i barnas leik.

BARNET FØRST!



Slik arbeider vi med Barnet først:

Vi ønskjer at barna skal bli sett, hørt og forstått. Vi ønskjer å vere nær barna og gje dei kjærleik. Det å ha ein eigen kontaktperson kan i starten vere med på å skape tillit til foreldre og barn. Ved å sitje mykje på golvet med dei minste vil vi vere nær og tilgjengelege for dei.

Rammeplanen seier: "Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som òg verdset omsorgshandlingane til barna."

I vår barnehage sett vi barnet først gjennom å ta barn på alvor og sjå ting frå deira perspektiv. Vi jobbar med venskap og støttar opp om dei blant anna når barna skal skifte avdelingar. Vi skapar felles opplevingar både inne og på tvers av avdelingane slik at barna opplever fellesskap og tilhøyring. Vi har laga fane til barnehagen der barna har teikna og vore med på prosessen, det vart eit felles "vi" når barna kunne nytte den i 17. Maitoget.

Vennskap, fellesskap og tilhørsle

Vennskap er ein av berebjelkane for at barna skal utvikle leikekompetansen og seg sjølve. Det er difor viktig at vi vaksne hjelper barna til å utvikle venskap, og at vi fangar det opp om nokon ikkje meistrar dei sosiale kodane. Barn utviklar seg heile vegen, og nokon gonger må vi vaksne vere eit støttande stilas for barna. FUS barnehagene

har ein eigen dag der vi sett særskilt fokus på vennskap. Den dagen kallar vi FUS dagen og er alltid den siste torsdagen i april. Vi har fleire tradisjonar vi ønskjer å ha årlig, som sjørøverfest, nissefest, utkledningsfest og samefolkets dag. Desse dagane er med på å lage fellesskap i heile barnehagen og skapar ei tilhørsle

Danning

Rammeplan: "Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp.

Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet." Me jobbar saman med barna for å få eit samansatt bilde av kva som er greitt og ikkje i veremåte. Målet er at barna litt etter litt får eit innblikk i det å leve saman i verda i respekt for kvarandre samstundes som det er lov å vise førelsane sine. Me brukar tuning into kids til å emosjonsveilede barna i kvardagen.

Leik

Vi ønskjer å legge til rette for ulike typar leik. Ved å nytte rommet som den 3. pedagog, blir leikene sett frem på ein synleg og inspirerande måte. Ved å skape spanande leikemiljø kan ein bidra til at leiken utviklar seg og at borna utfaldar seg. Rolleleik er ei god mogelegenhet til å prøve ut ulike veremåtar. "Det var jo berre på liksom...." den er og bra for å utvikle fantasi og evna til å forestille seg. Det bør vere god variasjon mellom det styrte og det frie og barna må få vere med på å bestemme. Leik er den viktigaste arenaen for barns utvikling og læring. Gjennom leik utviklar dei sosiale, språklege og kroppslege ferdigheiter. Det er personalet sitt ansvar å sjå til at alle trivast i leiken og at dei får utfordringar i høve eigne føresetnadar. Dei skal observere barna og vere tilstades for barna og dermed vere ein trygg base som støttar og verner barna.

Barnet kjem først i leik, vi vaksne responderar på dei- ra initiativ og let barna føre leiken. Gjennom Barnet først lærer vi å utvide leiken og språket til barna ved å hjelpe barna til å sjå samanhengar og bruke element frå ein leik inn i ein annan leik.

Språket utviklar seg i barnets tempo og kommunikasjonen er både verbal og nonverbal. Det kan vere

mykje kommunikasjon i eit blikk eller eit smil. På den måten kan barnet oppleve å bli sett, hørt og få ting ut i frå sitt perspektiv.

Kommunikasjon og språk

Ved å setje ord på det ein ser og det som skjer vil borna få ei rikare forståing av det som skjer. Det ligg mykje språkstimulering i å fortelje og beskrive det ein ser og opplever i lag.

Måltidet er ein god arena for språkleg utvikling. Vi freistar å nytte dette til å snakke med borna, men også få dei til å snakke med kvarandre. Vere nyfikne på det som angår andre, lytte, vente på tur osb. Gjennom dialog skal borna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Å snakke om opplevingar, tankar og kjensler er naudsynt for utviklinga av eit rikt språk. I samtalen må vi vaksne vere medvetne på å snakke med borna og ikkje til dei. Samtalane med borna går føre seg i alle kvardagssituasjonar som til dømes måltida, stell og påkledning. Aktivitetar som høgtlesing og nytte av forteljingar stimulerar språket hjå borna og vi nyttar det difor aktivt i barnehagen.

Digital praksis

Det er først og fremst barna sine interesser som legg føringane for korleis vi jobbar med den digitale praksisen. Det kan vere alt frå å ta biletar, skrive dei ut eller "lese" ei bok gjennom ein prosjektor. Til eldre barna er til meir avansert kan den digitale kvardagen verte. Barnehagen har i eit utviklingsprosjekt laga ein eigene progresjonsplan innanfor digital praksis.

Oppne link til progresjonsplan på vår digitale praksis:
[Progresjonsplan digital praksis](#)





5. BARN SIN MEDVERKNAD

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27).

Våre metodar for å sikre barns medverknad:

- Vi tek barna sine tankar, idear og meningar på alvor. Barns medverknad handlar om å ta barna på alvor, sjå kvart barn og gjere det som er best for det einskilde barnet og heile gruppa.
- Vi planlegg det fysiske leike- og læringsmiljøet vårt med utgangspunkt i observasjonar av barna. Observasjon av kva barna interesserer seg gir oss idear å spele vidare på.
- Vi brukar biletar og koncretar som hjelpemiddel hjå dei minste og fleirspråklege. Både det verbale og nonverbale språket er viktig. Rammeplan om barns medverknad: "Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna." " Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta".
- I FUS brukar oss å ha intervju med barna som skal byrje på skulen. Intervjua kan vi mellom anna bruke til å sjå kva vi bør fokusere meir eller mindre på, og plukke opp element barna synes skal endrast.
- Barnehagen har laga eit skjema kor vi reflekterer over korleis vi vurderer og vekter val vi tek når barn skal medverke.



6. SAMARBEID

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).

Våre metodar for å skape eit godt foreldresamarbeid:

Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeid og ein god dialog med føresette. Det gjerast i dei daglege treffpunktene ved levering og henting, via MyKid og i utviklingssamtalar. I tillegg blir det samarbeid gjennom foreldremøte og i samarbeidsutvalet. Før ein ny familie startar i barnehagen, blir dei invitert til eit foreldremøte for nye foreldre, og når barnehageåret er i gang har vi møte med alle føresette, gjerne delt opp i fleire bolkar fordi føresette ofte er meir deltagande da.

Samarbeid med andre instansar:

- Administrasjonen i Ålesund kommune
- PPT
- Barnevernet
- Helsestasjonen
- Tverretatleg samarbeid
- Høgskulen i Volda
- Praksissamarbeid med ungdomsskular og vidaregåande skular
- Ellingsøy kyrkje
- Barneskulane



7. OVERGANGAR

Tilvenning i barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjoner og knyte seg til personalet og til andre barn»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ei trygg og god tilvenning:

- Etter tildelt plass får nye barn og foreldre får tilbod om å besøke barnehagen
- Foreldremøte for nye foreldre i juni
- Velkomstbrev før barnet begynner
- Onboarding via MyKid.

Overgangar innad i barnehagen

«Personalet skal sørge for at barn og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe»
(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ein god overgang innad i barnehagen:

- Personalet hospiterer på avdelingar med barn dei skal ha på si avdeling til hausten.
- Vi har som mål å skape gode relasjonar til barna som skal bytte barnegruppe, mellom anna i uteleiken.

Overgang frå barnehage til skule

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigkeit og tru på eigne evner»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ein god overgang til skulen:

- På Ellingsøya er det etablert eit godt samarbeid om overgangen mellom barnehagane og skulane. Før sommaren møtes leiarane frå skulane og barnehagane for å leggje planane for neste barnehageår.
- Veke 36/37: Styrer tar kontakt med skulen med omsyn til overgang frå barnehage til skule for barn med særskilde behov. Samtykke innhentast frå foreldre om det er aktuelt.
- Når barna har byrja på skulen, kjem dei tilbake på besøk til barnehagen dei har gått i. Invitasjonar sendast til skulane som videreformidlar til barna.



Personal fra SFO fylgjer og er saman med barna på besøket.

- Gjennom barnehageåret samlast alle førskulebarna i dei barnehagane på Ellingsøya.
- Før innskrivinga kjem rektor og SFO leiar frå skulen på besøk i barnehagane.
- Vi har ein eigen bokl på foreldremøtet for førskoleforeldre, og der får føresette utdelt planen for overgang barnehage skule.
- Oss jobbar med leiarutvikling og effektive leiergrupper

Opne link til lokal plan for overgang bhg /skule:

[**Brosjyre overgang frå barnehage til skule**](#)





8. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

Lærande organisasjon

«Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngitt i barnehagelova og rammeplanen»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

I FUS er vi lærande barnehagar. Personalet er i kontinuerleg utvikling, reflekterer over faglege og etiske problemstillingar, held seg fagleg oppdatert og er gode rollemodellar. Senge (2006) seier: «ein lærende organisasjon er ein organisasjon som kontinuerlig forbedrer si evne til å skape si eiga framtid.» Vi legg difor vekt på at personalet utviklar evnene sine og bygger kapasiteten sin slik at barna møter omsorgsfulle og kompetente tilsette.

Våre metodar for å oppretthalde ein lærande organisasjon:

- Som barnehage tek vi mot studentar frå høgskulen i Volda og andre opplæringsinstitusjonar. I arbeidet til studentane utfordrar vi dei til å ta utgangspunkt i våre utviklingsarbeid når dei gjennomfører oppgåvene sine.
- Vi deltek i FUS skulen og held oss oppdaterte.
- I avdelings/personal/leiarmøte og planleggingsdagar drøftar og reflekterer vi over eigen praksis.
- I utviklingsarbeida våre deltek og påverkar personalet gjennom heile prosessen.
- Tilbakemeldingar som for eksempel utviklingssamtaler, foreldreundersøkingar, samarbeidsutval og dagleg kontakt frå foreldre og barn.
- Personalet jobbar med leiarutvikling og effektive leiargrupper

Planlegging

«Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling i verksemda»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

Våre metodar for planlegging:

I Stokke maritime FUS barnehage brukar vi avdelingsmøte og leiarteam for å planlegge den pedagogiske verksemda. Personalmøte og planleggingsdagar er viktige for at vi kan ha felles refleksjon på tvers av avdelingane. Observasjon i barnehagen går føre seg både formelt og uformelt.

Vurdering

«Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut i frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Trivselen og den allsidige utviklinga til barnet skal derfor observerast og vurderast fortløpende, med utgangspunkt i dei individuelle føresetnadane til barnet og kunnskap om barns utvikling og behov. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 38).

Våre metodar for vurdering:

Med hjelp av observasjonsverktøy vurdera vi enkeltbarn og korleis dei samhandlar med dei andre barna, og vi vurdera også heile barnehagruppa. Om det er noko vi vil gå vidare med, blir føresette involverte i prosessen så tidleg som mogeleg. Det er naturleg å bruke vurderingane i dialog med foreldre i det daglege og i utviklingssamtalar. Hensikta med vurderingar er alltid å fremje barnets beste.

Ein gang pr. Barnehageår vært personalet observert og vurdert av sertifisert class observatør. Fokuset er kvaliteten på relasjonen mellom vaksen og barn.

Dokumentasjon

«Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 39).

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

«Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadane til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og /eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Inkludering i barnehagen handlar òg om å leggje til rette for sosial deltaking. Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40).

Våre metodar for tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet:

- Barnehagen brukar kommunens dokument "frå undring til tiltak" når vi ser at det er noko vi undrar oss på i forhold til enkeltbarn. Målet er å styrke barnehagen sitt ordinære tilbod i høve systematisk arbeid med faktorar som bidreg til eit godt miljø for alle barn. Det sikrer heilsakapleg innfallsinkel og gir i større grad systemisk arbeid med miljø og omgjevnader som kan forsterke god utvikling. Frå undring til tiltak gir sterkare systematikk i arbeidet med omgjevnadar, barnegrupper og einskildbarn, og det bidreg til tidlegare og betre foreldresamarbeid.
- Barnehagen tilrettelegger i stor grad ved å dele barnehagruppa i mindre grupper delar av dagen.
- Vi tar i bruk temaromma som vi har i barnehagen.
- Observante og lydhøyre vaksne som ser barnas ulike behov.
- Drøftingsmøte med andre instansar som ressursbasen, helsestasjon, ppt og barnevernet. .



9. BARNEHAGEN SINE FAGOMRÅDE

Barnehagen har 7 ulike fagområde:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, røyrsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

«Fagområde speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidraga til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meiningsfull og morosam del av kvårdagen til barna. Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 47).

VÅRE METODAR FOR Å IVARETA RAMMEPLANENS FØREMÅL MED FAGOMRÅDA:

Kommunikasjon, språk og tekst:

1-3 år Vi nyttar høgtlesing, eventyr, sang og musikk. Bøker er lett tilgjengeleg på avdelinga. Aktiv bruk av språket i samspel med barna, gjenta med rett ord det barna seier. Sette ord på alt vi ser og gjer.

4-6 år Vi nyttar språket til å skape gode relasjoner, vi deltek i leik og hjelper barna til å nytte språket som reiskap til konfliktløysing. Rollelek, bøker, ulike typar samtalar, sang og musikk, dramatisering og fortelljinger. Vi kan reflektere og stille spørsmål. Vi må lytte til kvart enkelt barn. La barna få oppleve at språket blir brukt på ein god og positiv måte. Verdsetje kjenslene til barna.

Kropp, rørsle, mat og helse:

1-3 år: Barna må få oppleve trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringer, inne og ute, året rundt. Gå i ulendt terreng for å styrke barna si motoriske utvikling. Gjennom dans og sangleik vil dei erfare allsidig rørsle og glede. Vi må legge til rette for toddlerleik, det vil seie at små barn tumlar rundt i sin første forsiktige interaksjonar med andre barn. Vi må tilby eit variert kosthald i tråd med FUS sine Smartmat retningslinjer. Når vi gjentatte gongar tilbyr mat kan barna få utvikla smakslaukane sine, og få barn til å like mat dei i utgangspunktet ikkje ville ha.

4-6 år: Bli kjent med eigne behov, få kjennskap til menneskekroppen, utvikle gode vanar for hygiene og eit variert kosthald. Turar i ulendt terreng gjev ein sterkt og smidig kropp. Fysisk aktive barn gjev positive psykiske gevinstar og. Vi skal sjå heile barnet og allereie i barnehagen kan ein forebygge psykiske lidingar hos vaksne. Det er viktig med ein god balanse mellom aktivitet og kvile. Vi i barnehagen nyttar enkle yogakort til dei eldste. Då får ein på ein leiken måte øvd på både konsentrasjon, kroppskontroll og avspenning. Dei vaksne skal motivere og legge til rette for at barna skal få oppleve glede og meistring.

Kunst, kultur og kreativitet:

1-3år: Lytte til musikk og bevege seg til musikk. Sanseleik med variert materiale. Enkel dramatisering.

4-6år: Oppleve glede og stolthet over egen kulturell tilhørighet. Det alle som regel har til felles er havet. La barna få ta i bruk fantasien, kreativitet, tenkning og skaper glede. Inspire til å lage ting, anerkjenne og motivere.

Barna bør få vere med på matlaginga. Erfaring syner at dei et meir og smakar på meir når dei har vore med i førebuingane. Eit sunt og variert kosthald har mykje å seie for både den fysiske og den psykiske helsa vår

Natur, miljø og teknologi:

1-3 år: La barna få nytte sansane sine og gjere seg kjend med dei ulike skapningane som vi finn i nærmiljøet vårt. Dette kan vere både i skogen og i fjøra. Ved å gå på tur rundt barnehagen vil dei få ei sterkare oppleving og det kan gjere dei nyfikne på å lære meir.

4-6år: Vi ynskjer at barna skal få oppleve og utforske naturen og naturens mangfold. Dei skal få bli kjent med livet i naturen generelt og på og ved sjøen spesielt. Vi vil naturleg nok ha eit maritimt blikk og rette merksemda

vår mot sjøen. Det er likevel viktig å gjere seg kjend med resten av naturen og. Dei store barna kan gjerne få ei innføring i naturvettreglane og enkle maritime reglar. Vi ynskjer å gje barna gode opplevingar med friluftsliv året rundt. Vi skal motivere til og leggje til rette for leik uansett ver, og dei vaksne bør aktivt delta i leiken ute.

Mengd, rom og form:

1-3 år: Barna må få erfare ulike storleikar i sine omgjevnadar og samanlikne desse. Vi kan tidleg byrje å sortere ved å legge ting på rett plass. Til dømes Duplo i ei kasse, bilane og dyra i eigne hyller. Vi er medvetne i bruken av omgrep som t.d. stor-liten, varm-kald. Gjere barna medvetne ved å finne likt og ulikt.

4-6 år: Leike og eksperimentere med tal, mengder og telling og få erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på. Ved å bruke bøker, spel, musikk, digitale verkty, naturmaterialer, leiker og utstyr kan ein inspirere barna til matematisk tenkning. Leggje til rette for matematiske erfaringar gjennom barnas leik og settje ord på det i kvarlagsle gejremål. T.d. når ein dekkjer på bordet, legg bestikket på plass osb.

Etikk, religion og filosofi:

1-3 år: Øve på å ta omsyn til kvarandre. Arbeide med empati og utvikling av sosial kompetanse.

4-6 år: utvikle interesse og respekt for kvarandre og forstå verdien av likskap og ulikskap i eit fellesskap. Gje barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i dei religionane som er representert i barnehagen. Få ei forståing for at det finst mange ulike måtar å forstå ting på og leve saman på. Vi skal bidra til å utvikle barns toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kultur og religiøs tilhøyrigheit.

Nærmiljø og samfunn:

Vi vil besøke og samarbeide med lokale fiskeribedrifter. Vi vil bli kjend med lokalhistoria her og eventuelle lokale tradisjonar. Gjere oss kjend med tradisjonar, levesett og ulike familieformer andre stadar. Barna får eit innblikk i at samane er Noregs urfolk og får kjennskap til samisk kultur. Dette skjer stort sett rundt 6.februar når vi markerar samedagen.

Gjennom turar i nærmiljøet vil vi gjere oss kjend med det som er rundt barnehagen.





Kunnskapsdepartementet. (2017).

Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.

Hentet fra <https://www.udir.no>